

# Rapport om målbruk i offentlig teneste 2017

## Innhold

Om rapporten.....	3
Forklaring til statistikken .....	3
Resultat frå underliggjande organ.....	3
Nettsider .....	4
Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider) .....	4
Sosiale medium .....	5
Skjema .....	5
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	6
Resultat frå departementa .....	6
Dokument under 10 sider .....	7
Dokument over 10 sider .....	7
Stortingsdokument.....	7
Sosiale medium .....	8

## Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gir rettleiing i saker som gjeld *lov om målbruk i offentlig teneste* (mållova). Sentrale statsorgan pliktar etter denne lova å veksle mellom bokmål og nynorsk i allment informasjonstilfang slik at ingen av målformene er representerte med mindre enn 25 %. Vekslingskravet er slått fast i paragraf 8 i mållova og paragraf 6 i *forskrift om målbruk i offentlig teneste*.

Dette er det statistiske oversynet over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2017. Statistikken er ført på grunnlag av eigenrapportering frå statsorgan til Språkrådet og gjeld sentrale statsorgan, dvs. statsorgan (direktorat, tilsyn, universitet og høgskolar m.m.) som har heile landet som tenestekrins. Målbruken i departementa er omtalt i eit eige kapittel.

Alle sentrale statsorgan skal levere målbruksrapport til Språkrådet, men ikkje alle oppfyller denne plikta. For 2017 bad vi om tal frå 147 statsorgan. Denne rapporten er bygd på svara frå 121 av dei. I tillegg inneheld rapporten tal frå 16 departement, inkludert Statsministerens kontor.

### Forklaring til statistikken

Dei sentrale statsorgana rapporterer i faste kategoriar i eit skjema som Språkrådet og Kulturdepartementet har utarbeidd, og leverer tal for kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider, tekstar over 10 sider, sosiale medium og skjema. I alle kategoriane utanom skjema er føremålet å finne ut i kva grad statsorgana etterlever det lovpålagde vekslingskravet på 25 %. Skjema skal etter paragraf 8 i mållova liggje føre på både bokmål og nynorsk. I denne kategorien rapporterer statsorgana inn kor mange skjema dei har i alt, og kor mange som er tilgjengelege i begge målformene.

Språkrådet og Nasjonalbiblioteket samarbeider om ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetoden, på oppdrag frå Kulturdepartementet. Vi vonar å få ei digital løysing i bruk i løpet av 2019 og veit at dette vil vere velkome i statsforvaltninga.

Tilsynet med departementa har tidlegare lege hjå Kulturdepartementet, men vart overført til Språkrådet i 2015, med verknad frå og med rapporteringsåret 2014. Dette er såleis det fjerde året Språkrådet behandlar tala frå departementa.

Departementa rapporterer i kategoriane dokument under 10 sider, dokument over 10 sider, stortingsdokument og sosiale medium.

Vi tek atterhald om feilføringar og feilrapporteringar i statistikken.


## Resultat frå underliggjande organ

I statistikken for underliggjande organ er prosenttala rekna som vanleg (aritmetisk) gjennomsnitt. Det inneber i praksis at gjennomsnittsutrekninga ikkje tek omsyn til at ulike nettstader har ulik tekstmengd.

## Nettsider

På ein gjennomsnittleg statleg nettstad var det i 2017 nytta 15,2 % nynorsk. Det var jamn framgang i denne kategorien fram til og med 2014. Etter nokre år med svak tilbakegang viser tala for 2017 igjen ein auke i bruken av nynorsk. Likevel er målbruken på statlege nettsider langt under vekslingskravet.

Sjølv om nettsider er den mest usikre kategorien å måle veksling i, gir tala som er innrapporterte til statistikken, søka til Språkrådet og den konkrete oppfølginga med kvart organ til saman eit godt bilde av stoda.




Nynorskdelen på statlege nettstader, i prosent.

Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider)

Rapporteringskjemaet skil mellom kategoriane «korte tekstar 1–10 sider» og «tekstar over 10 sider». Begge kategoriane inneheld ein god del sentrale publikasjonar av ulik lengd, til dømes stillingsannonser i den eine kategorien og årsrapportar i den andre. Ein del statsorgan oppfyller krava i desse kategoriane.


Prosenttala viser eit gjennomsnitt på 19,2 % nynorsk i korte tekstar og 16,5 % nynorsk i dei lengre tekstane til statsorgana, samanlikna med 19,1 % nynorsk i korte tekstar i 2016 og 21 % nynorsk i lengre tekstar same året. Bruken av nynorsk i lengre tekstar ser altså ut til å ha gått ein del ned i 2017.



Figur: Talet på statsorgan som oppfylte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider). Merk at talet på statsorgan som leverer rapport, varierer noko.

### Sosiale medium


Språkrådet har tidlegare sett at mange statsorgan ikkje har vore klar over at mållova også gjeld for sosiale medium. I gjennomsnitt publiserte statsorgana 14 % av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2017. Meldingar og nyheiter i sosiale medium når ut til eit breitt publikum. Det er difor særleg viktig for måljamstillinga at vekslinga i denne kategorien er jamn. Talet auka frå 2013 til 2015, men utviklinga ser ut til å ha stått stille dei siste par åra.



Figur: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.

### Skjema

2028 av 3479 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2017. Dei fleste av skjemaane som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det er truleg ein del feilrapportering. Dei store svingingane i denne kategorien må sjåast i lys av dette.




Figur: Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.

Førespurnader om moglege brot på mållova

Språkrådet fekk i alt 60 førespurnader om brot på mållova i 2017. Av desse gjaldt 35 eksamen i feil målform. Til samanlikning fekk vi 64 førespurnader i 2016. 45 av desse kom i etterkant av eksamensavviklinga ved universitet og høgskolar. Tilsvarande gjaldt 25 førespurnader eksamen i 2015, av eit samla tal på 63 saker. I 2014 gjaldt 10 av 43 førespurnadene målbruken ved eksamen.

Språkrådet har grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova ikkje blir rapporterte eller klagt på. Talet på saker er lågt og varierer rett mykje frå år til år. Vi trur likevel ikkje det reelle talet på brot varierer i like stor grad, men snarare talet på klagarar.



Figur: Talet på førespurnader om moglege brot på mållova.

## Resultat frå departementa


Det er Kulturdepartementet som tidlegare har ført målbruksstatistikken for departementa. Departementet har i si tid berre målt vekslinga mellom nynorsk og bokmål i dokumentkategoriar. Dette er fjerde gongen Språkrådet behandlar rapportane til departementa, og tredje gongen vi inkluderer målbruken i sosiale medium. Nettstaden regjeringa.no er ikkje med i statistikken. Statistikken for departementa viser prosent som vekta gjennomsnitt.

Tala frå departementa for 2017 viser til dels god auke i bruken av nynorsk. Betre medvit og informasjon om kva lovverket krev, kan vere medverkande årsaker til den auka bruken av nynorsk i fleire departement. Det er eit leiaransvar, for både politisk og administrativ leiing i departementa, å syte for å etterleve reglane i mållova om veksling mellom målformene, og vi meiner å sjå framgang.

Likevel er variasjonen framleis stor, og departementa bør vere medvitne om det ansvaret dei har for organa dei har under seg i hierarkiet. Språkrådet ser fleire stader samanheng mellom dårlege resultat hjå departement og tilhøyrande underliggjande organ.


### Dokument under 10 sider

Nynorskbruken i dokument på under 10 sider var i 2016 på rekordlåg 13 %. Rapporteringa viser at bruken av nynorsk har auka til 17 % i 2017. Resultatet er likevel framleis eit stykke unna lovkravet om minst 25 % av kvar målform.



Figur: Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent.


### Dokument over 10 sider



Figur: Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent.

Statistikken viser at bruken av nynorsk i dokument på over 10 sider har flata ut etter ein kraftig auke i 2015. Mykje av auken den gongen skreiv seg frå teksttilfang knytt til kommunevalet i 2015. Vi kan ikkje sjå slik påverknad på talet for valåret 2017, som ligg på 9,1 % nynorsk.

### Stortingsdokument



Figur: Nynorsk i stortingsdokument, i prosent.


Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har pleidd å ha den jamnaste vekslinga. Sett under eitt har departementa vore nær ved å oppfylle krava i mållova dei siste åra, og i 2012 nådde dei målet om meir enn 25 % nynorsk.

Talet for 2015 var på under 20 %, og talet for 2016 var endå lågare (16,8 %). 2017 viser igjen betring i målbruken, med 20 % nynorsk i stortingsdokumenta.

Variasjonen er likevel stor frå departement til departement. Fleire departement som tidlegare har vist god målveksling, har grunn til å gå gjennom rutinane sine for målbruk på nytt.

### Sosiale medium

Departementa rapporterte om berre 4 % nynorsk i sosiale medium i 2015. På bakgrunn av tala frå 2017 ser vi at bruken av nynorsk i denne kategorien no har stige til 14,4 %. Språkrådet meiner framgangen kan kome av betre informasjon om lovkrava blant dei tilsette i departementa. Dei aller fleste departementa nyttar både Facebook og Twitter. Bokmål er framleis dominerande, og mange nyttar dessutan heller engelsk enn nynorsk, men vi håpar den positive utviklinga vi ser no, held fram i åra som kjem.



Figur: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.